

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2026/983-1

Saksbehandlar

Francesca Galdiolo

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/17	Forvaltningsutvalet	25.03.2026

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for felling av hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Kvinnherad kommune, Vestland

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke at Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for felling av hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Kvinnherad kommune, Vestland, vert lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

Forvaltningsutvalet si behandling i møte den 25.03.2026:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteke.

VEDTAK:

Det vert vedteke at Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for felling av hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Kvinnherad kommune, Vestland, vert lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

Vedlegg:

- Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for felling av hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Kvinnherad kommune, Vestland**

Samandrag/Saka gjeld:

Saka gjeld samling av gjeldande føresegner om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgifter i ei felles forskrift. I samband med dette er satsane for fellingsavgift endra. Samlinga gjer regelverket meir oversiktleg for jegerar og rettshavarar.

Saksutgreiing:

Den 1. juli 2026 vil viltressurslova (lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.) tre i kraft. Samstundes blir dagens viltlov (lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt) oppheva.

Viltressurslova vidarefører krava om at kommunen må fastsetje forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr og å fastsetje minsteareal (viltressurslova § 42), samt for å opne for jakt på bever (viltressurslova § 44).

Landbruksdirektoratet peiker på at mange kommunar alt har samla opning av jakt og minsteareal i éi forskrift, medan fastsetjing av fellingsavgifter ofte er gjort gjennom budsjettvedtak eller gebyrregulativ.

Med innføringa av den nye viltressurslova blir det eit krav at kommunar som ønskjer å fastsetje og krevje inn fellingsavgift for elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene må fastsetjast innanfor rammene som Stortinget vedtek, slik dei framgår av Prop. 1 S (2024–2025) frå Landbruks- og matdepartementet (s. 131).

Det er stortinget som fastset makssatsar for fellingsavgifta for dei ulike artene og skil mellom vaksen og kalv. Innafor makssatsar kan kommunen sjølv avgjere satsen.

Til dømes er det for jaktåret 2025/2026 følgjande satsar:

- Fellingsavgift hjort, vaksen: 520 kroner
- Fellingsavgift hjort, kalv: 310 kroner

Det blir også understreka at kommunale forskrifter skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Landbruksdirektoratet anbefaler at kommunen fastset éi felles forskrift for:

- opning av jakt
- fastsetjing av minsteareal
- fastsetjing av fellingsavgifter

Ei samla viltforskrift vil gjere regelverket meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg for jegerar, rettshavarar, organisasjonar og viltforvaltinga.

Økonomisk berekraft:

Sidan 2012 har fellingsavgiftene i kommunen lege under den nasjonale maksprisen. Dette har vore gjort for at valda skulle sleppe å betala fellingsavgift, og i staden samle inn pengar til eiga drift. Erfaring viser likevel at ordningar der valda sjølve skal krevje inn pengar til drift, er vanskelege å få til i praksis.

Den føreslegne endringa inneber at kommunen igjen krev inn fellingsavgifta fullt ut. Kommunen har gode rutinar for slik innkreving. Med denne endringa kan valda søkje viltfondet om tilskot til drift av laget sitt, og dei slepp sjølve å krevje inn tilleggsavgifter frå eigne medlemmar.

I tillegg dekkjer det kommunale viltfondet utgifter til ettersøk av skada vilt, inkludert trafikkskadd hjortevilt. Trafikkettersøk eter opp ein stor del av dagens viltfond. Auken i fellingsavgifta er difor ikkje meint å byggje opp eit større fond, men å sikre at kommunen kan dekkje kostnadene til ettersøk og samtidig ha tilgjengelege midlar til andre føremål i tråd med forskrifta – som tiltak for å fremje viltforvaltinga, styrke kunnskapen om viltet, samt støtte jaktorganisering og liknande tiltak.

Kommunen sine rekneskapstal viser at viltfondet i 2025 hadde om lag 293 000 kroner i inntekter (jakt 2024), og i 2026 er inntektene berekna til om lag 270 000 kroner (jakt 2025). Samstundes var kostnadar knytt med offentleg ettersøk 292 870 kroner i 2024 og 243 000 kroner i 2025. Dette viser at dagens inntektsnivå knapt dekkjer kostnadene til ettersøk.

Med dei nye føreslegne satsane – kr. 520, for vaksne og 310,- for kalv - vil dei årlege inntektene vere om lag 580 000 kroner, noko som gjev rom for både å dekkje ettersøk og gjennomføre andre lovpålagde og fagleg naudsynete tiltak i viltforvaltninga.

Miljø og klima berekraft:

Forskrifta inneber ingen endringar i minstearealet for felling av hjort og rådyr. Dei etablerte rammene for jakt og bestandsregulering blir vidareførte, utan nye konsekvensar for klima. Vidareføringa av dagens minsteareal legg til rette for ei berekraftig og langsiktig forvaltning av hjorteviltbestanden. Det er registrert beiteskadar på eng og nyplanta skog i fleire område i kommunen, og ei god forvaltning av hjorteviltet er difor viktig for å avgrense desse skadane og sikre ei berekraftig utvikling av natur- og kulturlandskapet.

Sosial berekraft:

Endringa gjer regelverket enklare ved å samle relevante føresegner i éi forskrift, noko som gir betre oversikt for både jegerar og rettshavarar.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:

Samling av regelverket kan styrkje felles forståing og forbetre dialog og samarbeid mellom jaktvald, grunneigarar og kommunen.

Konklusjon:

Samling av regelverket i éi forskrift vil gi betre struktur, enklare tilgang til reglane for både kommunen og brukarane, og er i tråd med anbefalingar frå Landbruksdirektoratet. Forskrifta vil erstatte tidlegare enkeltforskrifter.